

# Selg og Høgtid

Kyrkjelydsblad for Seljord,  
Flatdal og Åmotsdal

Nr. 1 · 2026  
97. årgang



# Selg og Sogtid

#1 · 2026

## Redaksjon

post@seljordkyrkje.no  
Bankgiro: 2711.20.31826  
VIPPS: #650484

## Stab

Sokneprest: Janne Sukka  
458 61 038 | janne@seljordkyrkje.no

Kyrkjeverje: Petter Jakobsen  
909 51 409 | petter@seljordkyrkje.no

Diakon: Ingunn Liseter  
976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

Kantor: Kjetil Bergheim  
918 41 306 | kjetil@seljordkyrkje.no

## Sokneråd

Leiar: Kristian Espeland  
908 77 604 | kristian@telerevisjon.no

## Heimeside

www.seljordkyrkje.no

## TRENG DU

Nokon å snakka med?  
Ein lyttar? Forbøn? Nattverd?

Diakon: Ingunn Liseter  
976 82 694 | ingunn@seljordkyrkje.no

## ALLTID OPEN

KIRKENS SOS TLF. 22 40 00 40  
soschat.no      kirkens-sos.no.

# Ny prest i Seljord!

Janne



I skrivande stund, har eg vore sokneprest i Seljord i to månader. Og eg trivs! Det er godt å vera prest i bygdene her!

Frå første dag, har eg møtt folk som tek godt imot og som vil at både eg og me skal trivast. Det kjennes godt å komme til ein slik stad og møte så mykje fine folk. Me har gleda oss lenge, og no er me altså på plass i prestegarden.

Me var litt usikre på om me skulle flytte inn i prestegarden, med å leige eit så stort hus og ein svær hage. Det er jo ikkje bu-plikt for prestane lenger, og me leiger prestegarden på same vilkår og med same leige som kven som helst andre ville gjort, så det var eit stort skritt å flytte inn der. Men når me først bestemte oss for å ta det skrittet, ja så er det eit godt hus og ein god stad å bu.

Før me flytta hit til Telemark, har me budd i Hallingdal dei siste åra. Eg var prest i Flå og Nesbyen i nokre år, før eg jobba som rektor på Hallingdal Folkehøgskule. Dei siste åra nå, har eg jobba i Valdres – som sokneprest i Vestre Slidre og som konstituert prost i Valdres. Men røtene mine kjem frå Suldal. Eg var ferdig på MF i 1999, men har storparten av livet jobba andre stader enn i kyrkja så eg har ein allsidig jobb-bakgrunn med meg inn i prestetenesta. Det vart over 20 år i Oslo, men nå er eg glad for at me har landa i litt mindre urbane strok.

Eg starta jobben her i påska. Det førte til at eg fekk komme rundt til fleire stader i kommunen for å feire messe. Og Seljord kommune har mykje å by på. Eg er glad i å halde messer i kyrkjene, men det er og stas å få lov å komme til for eksempel Nutheim på skjærtorsdag. Overalt vert eg tatt imot med gjestfrie armar. Men det er ikkje berre messer eg har halde på med desse månad-

ane. Eg har fått møte folk på formiddags-treff på Misjonshuset, fått vera med på kvinneforening, vore på sjukeheimar, møtt kommunetilsette og tilsette i næringsliv. Og så har eg møtt engasjerte bygdefolk, møtt folk i glede og sorg. Eg gler meg til å møte ennå fleire av dykk, til å lære kommunen å kjenne, gjere ting i lag og utvikle kyrkja saman med dykk.

Det er mykje godt arbeid i Seljord, mange ressursar og lange tradisjonar. Tradisjonar og røter er godt å bygge på, og så kan det og hende at me saman skal lage nokre nye tradisjonar. Eg håpar at de vil vera med å utvikle vidare kyrkja sitt arbeid i Seljord, og at de vil komme med innspel og idear, og at de kan komme innom berre for å ta ein kopp kaffi og ein prat. Som sagt, så er det eit privilegie å få vera sokneprest i Seljord – og eg gler meg til å møte stadig fleire folk og oppdage stadig meir av kommunen.

## «Du er heime»

Kjipast av alt er å stå utanfor. Å kjenne på at ein ikkje passar inn i gjengen, på skulen, på jobben eller i livet generelt. Det å høyre til er eit av dei djupaste behova me menneske har.

I Bibelen er det ei kjend forteljing om ein gjeter som hadde hundre sauer. Ein av dei gjekk seg vill, og vart heilt åleine. Kva gjorde gjeteren? Han gjekk frå dei nitti ni andre for å leite etter den eine som mangla. Han gav seg ikkje før han fann han, tok han på skuldrene og bar han heim.

Det er lett å tenkje at denne forteljinga handlar om kor flink gjeteren er, men eigentleg handlar ho om kor verdifull du er.

Gud er den gjetaren. Han let seg ikkje styre av kva som er mest praktisk eller mest populært. Han leitar til han finn deg. For Gud er du ikkje berre ein i mengda; du er den eine han har leitt etter og lengta etter.

Å høyre til handlar ikkje om å vere perfekt, prestere rett eller passe inn i ei spesiell mal. Å høyre til handlar om å bli funnen, og bli elska for den ein er. Du har ein plass hos Gud. Han kjenner namnet ditt, og han har eit «heim» til deg.

Eg håpar du og kan kjenne at du har ein heim i kyrkja i Seljord, med heile deg og heile livet ditt.

## Glimt frå advent og jol

Bergit Telnes



Hans Olav Slettebø glede oss med vakker song 1. joledag i Seljord kyrkje.



Messa på Nes Bedehus 3. søndag i advents er svært godt besøkt. Etter messa var det kulturprogram. Kristoffer og Torkjell Hoff fortalde om oppveksten på Garvikstrondi, og Kjetil Bergheim spela hardingfele.



## Fela frå Skafså

HNJ



Kåre Barsgård.

Eg som er prest i Eidsborg, Mo og Skafså, er også eit halvt år engasjert som sokneprest i Seljord. Biletet er frå ein institusjonsandakt på Nestunet som eg hadde i lag med kantor Kjetil Bergheim. Her vart vi kjent med Kåre Barsgård, som er frå Skafså. Han deltok med trekkspelmusikk som preludium og postludium.

Kåre var i yngre dagar bussjåfør med rute frå Skafså til Dalen. Men så var det mykje ventetid på kvardagane. Og i den fritida laga han si eiga fele! Og ei fantastisk flott fele var det, med sirlige mønster, perlemor i gripebrettet og elles høg kvalitet.

Men her er fleire "band" til Tokke. For det var Olav Lykka frå Åmdals Verk som hadde lært Kåre korleis han skulle lage fele. Lokket på, og botnen av, fela er i gran. Og materialet var teke frå ein laftestokk som hadde vore del av ei tømre som stod på Midjås. Perlemor-innlegget i gripebrettet var henta frå Bø-elva.

Vi fekk lov å fortelje frå samtalen og vise eit bilete frå andakten, og eg vil seie "tusen takk" til Kåre for ei hyggeleg stund. Seljord er elles flinke til å ta i bruk tradisjonell folkemusikk i kyrkjeliv og gudstenester. Det er like eins eit mål for oss i Tokke, som også har djupe handverks- og folkemusikktradisjonar.

## Frå konfirmantåret 2025/26



*Besøk av Norsk MisjonsSelskap på Misjonshuset.*

32 er konfirmantar i Seljord fordelt slik: 2 i Åmotsdal, 7 i Flatdal og 23 i Seljord. (navna tid for konfirmasjon finn du i bladet). I Flatdal kyrkje i november blei presentert på gudstenesta fekk Bibelen. Dei har vore ministrantar på gudtenester i og har deltatt på ljossmessene si lokale kyrkje.

Misjon var tema på fyrste samlinga på nyåret som vi hadde saman med Kvinneforeninga i Seljord. Vi hadde besøk av Landy Bakke frå Madagaskar, som helsa oss og kvinneforeninga i Seljord med desse orda: «Dette har eg tala til dykk så mi glede kan vera i dykk og gleda dykkar kan bli fullkomen.» Joh. 15. 11.

Landy fortalte frå oppveksten, betydninga av praktisk tru og religion i kyrkjelivet

på Madagaskar. Ho song «Hallelujah» (L. Cohen) og konfirmantane blei med på Halleluja-refrengtet. Kvifor misjon; «1 Herren sa til Abram: «Dra bort fra landet ditt og fra slekten din og fra farshuset ditt til det landet som jeg skal vise deg! 2 Jeg vil gjøre deg til et stort folk. Jeg vil velsigne deg og gjøre navnet ditt stort. DU SKAL BLI TIL VELSIGELSE.» 1.Mos.12. 1-3.

Lokale laurdagssamlingar og ung møter eldre på institusjonene har vore ein god og verdifull måte å bli betre kjende med kvarandre på. Det har vore to fellessamlingar i Ønsket og elsket; på Kick-off og Diakoni/Fasteaksjonen, der alle konfirmantane i Øvre Telemark var samla. Fasteaksjonen lokalt fekk ei ny vri i år, nokre samla panten og gav den som dei fått ei påskjøning for. Og her er resultatata:



Line Vettestad frå Kirkens Nødhjelp.

Dere har bidratt med innsats både for dykk sjølve og andre; Den største glede du kan ha, det er å gjere andre glad: Slik blir Bibelorda sanne:

«DU SKAL BLI TIL VELSIGNELSE.»

For:

«Han skapte skogen og han skapte vannet. Han skapte skyers lek og vindens spill. Han legger varsomt hånden på din panne og sier: Det er godt at du er til!»



## TAKK FOR GAVEN OG INNSATSEN!

**30.789 kr. ble samlet inn i Seljord.**  
Dette betyr at vi har gitt **rent vann til 103 personer.**

**Heile landet samlet inn kr. 33 814 955.**

Hjarteleg takk for konfirmantida saman med dykk på veg mot vaksen livet!

På di vandring i livet, har du ein Himmel over livet. Helsing diakon Ingunn med pilegrimsvelsigninga.

«Må din vei komme deg i møte, vinden alltid være bak din rygg, solens lys leke på ditt kinn, regnet falle vennlig mot din jord. Og må Guds gode hånd verne om deg til vi møtes igjen.(NoS: 624)»

## Pilegrimskonfirmantar på vandring



*Pilegrim ved eika Asgeir fortel.*



*Pilegrimskonfirmantar vandring på sti.*

4 laurdagar på våren, samlast konfirmantar frå Øvre Telemark til felleskap og vandring i kyrkjene og ute i naturen rundt og i Brunkeberg, Bø, Kviteseid og Seljord kyrkjer.

Å vera pilegrim er å ta eit steg til side frå kvardagen og legge telefonen i sekken på lydlaus: Vi er klare til å gå inn i kyrkja: I Markusevangeliet lesast 2 kapitler ved starten og ved ankomsten; målet.

Pilegrimmar gjer eit oppbrudd frå det


vante går mot eit heilagt mål og legge frå seg bora der. Ute på vandringa i sol og regn vandrar vi ca. 5 km og et nista ute i naturen.

Kjedeleg kan det bli på vandringa, enten du går saman med nokon eller åleine, og det er akkurat vendepunktet for noko skapande nytt; Å bare vera, bruka sansane, tenkja og fundera, stille spørsmål..... Prost Asgeir Sele leiår samlingaen og diakon Ingunn frå Seljord er med.

BØN  
i samband med offer i kyrkjelyden

## ETIOPIA

Gode Gud,  
vi ber deg for NMS og arbeidet vi er ein del av saman  
med samarbeidspartnarar i Etiopia.  
Vi takkar og ber for pengene vi har samla inn i dag.  
Lat dei bidra i kampen mot skadelege tradisjonar og  
gj kvinner frimot til å stå opp for rettane sine. Lat fattige  
bønder få høve til å produsere nok mat til seg og familien sin.  
Og lat sårbare minoritetar få oppleve verdigheit og håp  
og eit møte med Bibelen på sitt eige språk.  
I ditt navn ber vi; lat riket ditt kome,  
på jorda slik som i himmelen.  
Amen



DETTE ER VI MED PÅ:

- Språk-, kultur- og ungdomsarbeid blant minoritetar
- Arbeid mot omskjering, barneekteskap og skadar knytt til fødsel
- Kvinnene sine rettar
- Ungdomssenter og stipendordningar
- Bibelomsetjing til minoritetsspråk
- Kurs og informasjonsarbeid blant migrantar



DELER TRUA  
PÅ JESUS



UTRYDDAR  
FATTIGDOM



KJEMPAR  
MOT URETT

**Seljord sokn**  
**Brøløsvegen 48**  
**3840 SELJORD**

Kyrkjelydsbladet Helg og Høgtid for Seljord, Flatdal og Åmotsdal er avhengig av stønad for å dekke utgifter til trykking og produksjon av bladet.

**De kan betale inn til kontonummeret på denne giroen (2711 20 31826),  
eller på Vipps til: #650484 Seljord sokn.**

**Vi er takksame for alle gaver!**

Betalingsinformasjon

# GIRO

Betalings-  
frist

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Helg og Høgtid  
Brøløvsvegen 48  
3840 SELJORD

GIRO F60-1 NFI 12.09

Belast  
konto

Kvittering  
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Blankettnummer

Øre

Til konto

2711 20 31826

< >

H

## Pilegrimsvandring gjennom Kivledalen til Seljord kyrkje



Sundag 21.juni inviterer Seljord sokneråd til pilegrimsvandring. Me møtest ved kyrkja kl 10.00, og fyller bilar.

Turen går til Tippen ovanfor Kivledalen. Der parkerar me før me går opp gjennom Bygdardalen til krysset ved Hanakamjuvet. Ein går på grusveg i eit lett terreng. Vegen gjennom Hanakamjuvet var det bergmennene frå Gullnes brukte då dei skulle til messe i Taraldskyrkja på Vallarhaugen. Dette var så langt tilbake som på 1500-talet. Der er mange fine plassar ned gjennom det tronge juvet. Ein kan sjå ei hule med raudfarga stein. Dette

blei male opp og blanda med linolje. Fleire av husa i Kivledalen og Åsheimgrendi var måla med slik farge.

Når me kjem til brua ved Dalstykket, set me kursen nedover i Hanakamjuvet. Me går då på vegen som Gullnesdrivarane bygde i 1860-åra. Den gongen var det eit engelsk gruvekompani som dreiv gruvene.

Bergit Telnes vil fortelje litt om den fyrste gruedrifta på Gullnes, og om bruken av Taraldskyrkja. Det blir også tid til diktlesing, andre historiar og songar.



Frå Tresland går me gjennom Kivledalen til Kivle syndre der Bente Lindvig bur. Her høver det med ein lengre stopp med både niste, kvile og kulturinnslag. Slåttane Kivlemøyane etter Torkjell Haugerud blir spela på hardingfele og segna om dei blir fortald. Det vil truleg også bli opplesing av nokre av Hans Godtfred Kivle sine tekstar.

Bente vil fortelje litt om tunet sitt og kva tanken med dei ulike husa er. Ho skriv også dikt, så me får nok høyre litt av henne og.

Hos Bente er der eit kapell der ein kan ha ei stille stund. Elles kjem både lysthuset Aurora og bakstebua til å vera open. Det er også høve til å bruke utedoen.

Så går turen nedover forbi Åmåg mot Sandbrauti og Hartholt før me endar opp ved Seljord kyrkje. Dagen blir avslutta med messe i Seljord kyrkje kl 17.00.

Etter messa blir det organisert transport



opp att til Tippen for å hente bilar.

Skulle det verta vanskeleg for nokon å gå heile vegen, gå det an å vera med på delar av vandrainga ned til kyrkja. Messa er sjølv sagt open for dei som ikkje har vore med på turen også.

Under messa blir det tatt opp eit offer til dekking av utgifter ved turen.

Sidan me skal vera ute heile dagen, er det viktig å ha med mat og nok drikke. Noko å sitja på er også lurt. Gode sko og kanskje ein vandringsstav er bra.

Dersom det pøsregner blir det ikkje tur, berre messe klokka 17.00

Soknerådet håpar at mange av dykk vil vera med oss på tur og messe denne dagen.

**Vel møtt!**

*Helsing Seljord sokneråd ved Bergit Telnes*

## Formiddagstreff

### Misjonshuset i Seljord

fredag kl. 11.00 – 13.00.

25. september

30. oktober

27. november

Formiddagsmat, åresal, andakt og allsang.

**Saman skapar vi fellesskap!**

**Velkomen er du!**

**Treng du skyss?**

Kontakt: diakon Ingunn Liseter,

mobil: 976 82 694

e-post: [ingunn@seljordkyrkje.no](mailto:ingunn@seljordkyrkje.no)

## Konfirmant 2027!

Har du ein tenåring som lurar på om han/ho vil konfirmerast i 2027? Då skal du vite at alle ungdommar, i niande klasse, er velkomne til konfirmasjonstid i kyrkja. Her i Seljord startar me opp i slutten av september, og påmeldinga kjem ut til hausten. Det er ingen krav til at ein må vera døypt, eller til kva ein meiner og trur, for å melde seg på til konfirmasjonsundervisninga. Ein del undervisning går føre seg her i Seljord, og ein del er me saman med konfirmantar frå heile øvre Telemark.

Det er Janne prest som er ansvarleg for undervisninga og opplegget her.

Me skal legge ut meir info på nettsida om infomøte og påmelding, men de kan og ta kontakt med meg om de lurar på noko. Eg gler meg til å møte dykk!

*Janne prest*

Aut. Installatør

## Dyrud Elektro AS

3840 Seljord Tlf. 35 05 80 80

[www.dyrud.no](http://www.dyrud.no) [post@dyrud.no](mailto:post@dyrud.no)



*Når du trenger elektriker*

## Hjarteleg takk

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven  
ved Harald Lie si gravferd

**Helsing Nesbukti pleie- og omsorgsenter**

Hjarteleg takk for minnegåva som vart gjeven  
ved Ragnhild Slåtta si gravferd

**Helsing Nesbukti pleie- og omsorgsenter**

# Vest-Telemark

 GRAVFERDSBYRÅ 

Tidlegare Tokke begravelsesbyrå  
og Seljord gravferdsbyrå

**DØGNVAKT**  
**928 13 634**

Gravferdstenester. Gravstein.  
Omsliping, påskrift, vask og oppussing  
av eldre gravstein.

[www.vtgravferd.no](http://www.vtgravferd.no)

## Kveldsmesser i Seljord

Å feire messe søndag kl. 11, er ei påminning om Jesu oppståe kvar veke og ein lang tradisjon som me skal ta godt vare på. Men det betyr ikkje at me ikkje kan ha messer på andre dagar og andre tider. Til hausten vert det difor to kveldsmesser i Seljord. To tysdagskveldar kl 19. Dette gjer me for å sjå om fleire tenkjer at ei litt annleis messe, med ein enklare liturgi, meir musikk og eit litt anna fokus kan vera eit tilskot til dei messene me allereie har. Her håpar eg at fleire vil vera med å utforme desse slik at dette kan verte ein del av eit levande gudstenesteliv i Seljord.

Kanskje sit du med tankar om korleis du ser for deg at desse messene kunne vera, eller du kunne tenke deg å bidra inn med å lese ein tekst eller med å dele ut program. Uansett så håpar eg de kan ta kontakt med meg, komme innom kyrkjekontoret eller ta ein kaffi på Rock kafe for å komme med dei tankar og innspel som de har. Alle innspel og tankar er viktige, så ikkje nøl med å ta kontakt med meg.

*Janne prest*

---

## Nutheim Gjestgiveri



Vi ønsker velkommen! Telefon: 35 05 21 43



## AASMUNDSEN BAKERI

FLATDAL - TELEFON 35 06 53 00 **ALT I BAKERVERAR**

**KLÆR**

**T. TVEITAN 1/3**

**INTERIØR-  
TEKSTIL**

Brøløsvegen 46, Seljord. Tlf: 35 05 04 86

## Konfirmasjon Seljord sokn 2026

### ÅMOTSDAL KYRKJE 16. AUGUST

**KL. 11.00**

Signe Dyrland  
Såve Groven

### FLATDAL KYRKJE 17. AUGUST

**kl.11.00**

Trym Laukelid  
Sondre Edvardsen  
Olav Opsund Mæland  
Ingvild Olavsdotter Valhovd  
Ingrid Bakkemoen Blika  
Anne Flatland  
Anna Lønn Solheim

### SELJORD KYRKJE 22. AUGUST

**KL 11.00**

Anne Midtbø-Mevastaul  
Emilie Hovden Magnushommen  
Erlend Hansen Slette-meås  
Fabian Eidal Rue  
Ingrid Fæhn Ellingsen  
Jenny Flatland Sandvik  
Jonathan Søllyst Falck  
Tom Andre Gåsdalen Gundersen  
Vetle Gunvaldjord

### SELJORD KYRKJE 22. AUGUST

**KL 12.30**

Bjørnar Klingan  
Gunhild Aase  
Hanna Underdal  
Martin Delmark Bjørge  
Nora Nordstoga  
Nora Brekka Skoland  
Synne Tveiten Golid  
Thea Camélie Trangsrud Granberg  
Villemo Mathea Meinstad Haugen

### SUNDAG 23. AUGUST

**KL 11.00**

Aslaug Helene Byberg  
Bjørnar Haugerud Øverland  
Janita Andrea Åsland Isaksen  
Lenita Christin Aasbak-Holmberg  
Victoria Bjørge



**Seljordvarme.no**

*Spesialister på peis og varme!*

Steinsrudvegen 7, 3840 Seljord | Tlf: 35 08 41 00 | [post@seljordvarme.no](mailto:post@seljordvarme.no)



*Bente Lindvig og Vidar Ytre-Arne på konsertforestillinga  
"Så vandrar vi på vegane - saman og aleine", januar 2026.*



*Det nyskipa Taraldsensemblet (f.v. Jon Svartdal, Halvor Kvåle Rue, Hans Petter Høie,  
Lars Geving, Kjetil Bergheim, Hallvard Nordbø Jørgensen).*

## Syng jula inn i seljord kyrkje

15. desember kl 18.30 inviterer Ingunn Flatland og Kjetil Bergheim til ein time med fokus på våre kjære julesongar og allsong.

Taraldsensemblat medverkar.



# FLATDAL HANDLAFT

T E L E M A R K

[flatdalhandlaft.no](http://flatdalhandlaft.no)

mob. 971 53 661

*Øvre Telemark Begravelsesbyrå*

## Øvre Telemark Begravelsesbyrå AS

Alt innen gravferd.  
Oppsett og oppussing av gravstein.  
Stell av gravminne.

[telemarkbegravelse.no](http://telemarkbegravelse.no)

tlf. 466 90 000 | [post@telemarkbegravelse.no](mailto:post@telemarkbegravelse.no)  
Mosasida 215, 3840 Seljord

*Trygt, omsorgsfullt og verdig*

# Gudstenester

**6.s. i treeiningstida  
- Aposteldagen- 05. juli**  
Flatdal kyrkje kl. 11.00

**8.s. i treeiningstida - 19. juli**  
Kjos i Åmotsdal kl. 12.00  
Friluftsmesse

**Olsok - 29. juli**  
Seljord kyrkje kl. 19.00

**10.s.i treeiningstida - 2. aug**  
Mannal kapell kl. 11.00  
Servering etter messa

**Konfirmasjon 15. aug**  
Åmotsdal kyrkje kl. 11.00

**Konfirmasjon 16. aug**  
Flatdal kyrkje kl. 11.00

**Konfirmasjon 22. aug**  
Seljord kyrkje kl. 11.00  
Seljord kyrkje kl. 12.30

**Konfirmasjon 23. aug**  
Seljord kyrkje kl. 11.00

**15.s.i treeiningstida - 06. sept**  
Flatdal kyrkje kl. 11.00

**16.s.i treeiningstida - 13. sept**  
Dyrskuplassen kl. 11.00  
Familegudsteneste

**Kveldsmesse tysdag - 06. okt**  
Seljord kyrkje kl. 19.00

**20.s.i treeiningstida - 11. okt**  
Flatdal kyrkje kl 11.00

**Bots- og bønnedag- 25. okt**  
Åmotsdal kyrkje kl. 11.00

**Helgemesse - 01. nov**  
Åmotsdal kyrkje kl. 11.00  
Flatdal kyrkje kl. 16.00  
Seljord kyrkje kl. 18.00  
Minnegudsteneste

**Kveldsmesse tysdag 17. nov**  
Seljord kyrkje kl. 19.00

**1. søndag i advent - 29. nov**  
Åmotsdal kyrkje kl. 17.00  
Ljosmesse

**2. søndag i advent -6. des**  
Flatdal kyrkje kl. 16.00  
Seljord kyrkje kl. 19.00  
Ljosmesse

**3. søndag i advent -23. des**

**Nes bedehus, kl. 11.00**

**Nutheim kapell kl. 19.00**

**Julaften - 24. des**  
Åmotsdal kyrkje kl. 13.00  
Flatdal kyrkje kl. 15.00  
Seljord kyrkje kl. 15.00  
Seljord kyrkje kl. 16.00

**Juledag - 25. des**  
Seljord kyrkje kl. 11.00

**Nyttårsaften - 31. des**  
Seljord kyrkje kl. 16.00  
Når året vender

**Endringar kan koma**

Seljord kyrkje



Flatdal kyrkje



Åmotsdal kyrkje



Mannal kapell

